

## Retningslinjer

# Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur

Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 14. februar 2024

Vestland fylkeskommune lyser ut midlar til prosjekt og tiltak av regional verdi med eit kunst- og kulturføremål. Midlane vert fordelt mellom ei ordning for profesjonell kunst og ei ordning for frivillig kulturliv etter søknadsmengde og søknadssum.

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedteke i regional plan for kultur for 2023-2023, «Kultur bygger samfunn» vedtatt i Vestland fylkesting 15.03.2023.

### Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt og levande profesjonelt kunst- og kulturliv. Ordninga skal sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtildel av høg kvalitet.

Ordninga skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i fylket jf. regional plan for kultur for Vestland. Ordninga skal omfatte kunst- og kulturprosjekt i regi av profesjonelle aktørar i Vestland eller tiltak og prosjekt som er retta mot/går føre seg i fylket.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltagarar i prosjektet.

### Regional verdi:

Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og / eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
- Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og sær preg).

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi – geografisk og/eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjera. Fagleg kvalitet og særleg grad av nytenking m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtildel. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtildel. Dette ligg i botn for vurderingane også i denne tilskotsordninga.

### Kven kan söke?

Ordninga gjeld for aktørar og/eller aktivitetar innan det profesjonelle kunst- og kulturfeltet i Vestland fylke, og prosjektet eller tiltaket skal ha eit kunstnarleg / kulturfagleg hovudføremål.

Sökjar må ha organisasjonsnummer.

Organisasjonar / institusjonar som tek imot driftsstøtte frå VLFK kan söke støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

### Søknadsfrist

Tilskotsordninga skal ha to årlege søknadsfristar, ein på våren og ein på hausten.

### Kva kan ein få støtte til

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile eller større delar av fylket. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for regional infrastruktur og utvikling av dette. Prosjekt og tiltak må bli vurder til å ha regional verdi og/eller nedslagsfelt for å få støtte.

Tilskotsmidlane kan gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i fylket, t.d. gjennom pilotprosjekt med overføringsverdi til andre.

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle alle dei tre absolutte kriteria for å kunne verte tilrådd støtte:

1. Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
2. Tiltaket skal stette ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
3. Tiltaket skal ha regional kulturverdi.

#### Søknadssum

Dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssummen, vil søknaden få avslag. Vestland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt. Det er forventa at søker budsjetterer med andre kjelder for finansiering.

Løyvinga skal i hovudsak ligge mellom 10 000 og 100 000 kroner.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp eller vedlikehald av bygg, utstyr, instrument ol..
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar
- Produksjonsfasen av kunst, det vere seg innan visuell kunst, musikk, scenekunst eller skjønnlitteratur. Det er vanskeleg å vurdere i kva grad ein produksjon har regional verdi i ein tidleg fase av ein produksjon, og vurdere prosjektet opp i mot vurderingskriteria i ordninga.
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaroppdrag o.l.

#### Vurdering

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- b) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak/prosjekt
- c) Regionalt nedslagsfelt (funksjon og/eller geografisk kriterium) og utvikling av kulturlivet i fylket
- d) Samarbeid og nettverk med aktørar og organisasjonar i kulturfeltet
- e) I kva grad tiltaket/prosjektet legg vekt på mangfold, er utadretta, inkluderande, ope og tilgjengeleg
- f) Støtte og forankring kommunalt og evt. nasjonalt og internasjonalt
- g) I kva grad søker og tiltak/prosjekt syner medvit om berekraft (t.d. miljømessig, sosial og økonomisk)

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettigheitsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkerar enn der er tilgjengelege midlar.

Det vert i den samla vurderinga teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å bidra til mangfold og breidde i kulturlivet i heile fylket. Det er såleis særleg viktig å støtte opp under kunst og smalare kulturuttrykk også i distrikta.

Det er mogleg å søkje midlar til årvisse / faste tiltak. Søker må då vere merksam på at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkermasse.

#### Krav til søknaden

Søknaden skal sendast på elektronisk søknadsskjema.

For å få støtte må søknaden gjere tilstrekkeleg greie for:

- føremål for og innhaldet i prosjektet eller tiltaket
- korleis prosjektet/tiltaket skal ha ein regional funksjon/verdi

- informasjon om korleis arbeidet er planlagt gjennomført
- budsjett

### Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova (Fvl.). Unnatak gjeld personopplysninga. Desse vert unntak i særlege tilfelle kan utsett offentlighet vurderast etter fvl.

Avdeling for Kultur og folkehelse førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjenvæst i saksframlegg. Vedtak som fråvik frå avdelingsdirektøren si innstilling skal også grunngjenvæst. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

### Oppfølging og rapportering

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført, og seinast eitt år etter vedtak om tilskot. Krav til rapportering blir sendt ut saman med eventuelt vedtak om støtte. Midlane vert i hovudsak utbetalt etter at rapport er godkjend.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett.

### Klage

Vedtak kan klagast på etter forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Klagen må sendast skriftleg innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker tok imot melding om vedtaket.

Klagen blir behandla i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Dersom klagen ikkje blir tatt til følgje, blir den sendt vidare til klagenemnda i fylkeskommunen for endeleg vedtak. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.